



Arkivnr: 2019/1432-2

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		09.04.2019
Fylkesutvalet		02.05.2019

## Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 2 - 2019

### Samandrag

Saka gjeld disponering av inneverande års løyving til Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Samla løyving til formålet er 75 million kroner, og av dette er 32,95 million kroner fordelt av fylkesutvalet 28. mars 2019.

I denne saka rår ein til at det vært løyvd 4,8 million kroner til rehabilitering av deler av Bømlo vgs. med mål om å få bukt med fuktproblem ved skulen.

**Økonomi:** Løyvinga er finansiert innanfor inneverande års løyving til Rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren.

**Klima:** Ingen kjende effektar.

**Folkehelse:** Vedvarande lekkasje og fuktproblem gjev eit dårlig utgangspunkt for å få godt inneklima ved skulen. Tiltaket skal utbetre dette forholdet.

**Regional planstrategi:** Ingen effekt

**Forslag til innstilling**

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

.	K.sted	Art	Prosjekt	Tekst	Meir utg./ Mindreinnt.	Mindreutg. / Meirinntekt
10	623.020.00	02320	02176	Bømlo vgs. – Rehabil.	4 800 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab./omb./tilbygg		4 800 000
					4 800 000	4 800 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
direktør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 25.03.2019****Innleiing**

Saka gjeld disponering av inneverande års løyving til Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Samla løyving til formålet er 75 million kroner, og av dette 32,95 million kroner fordelt av fylkesutvalet 28. mars 2019.

I denne saka rår ein til at det vært løyvd midlar til følgjande tiltak ved Bømlo vgs.

**Bømlo vgs. – Rehabilitering**

Bømlo vgs. vart ferdigstilt på midten av 1990-tallet. Heilt sidan bygget vart opna har ein hatt utfordringar knytt til lekkasje og at det har kome vatn inn i bygget.

Det er opp gjennom åra gjennomført mange mindre tiltak, utan at ein har fått bukt med problemet, og skulen må framleis nytte seg av bøtter og spann for å samle opp vatn i deler av bygget.

Det er gjennomført ei ny kartlegging knytt til moglege tiltak. Det er konkludert med at ein ved å byggje/utvide einskilde skjermingstak (takutspring), endring av takavlaup med omlegging av dagens løysing for handsaming av overvatn, og nokre bygningsmessige tiltak knytt til vinduer og fjerning av nokre overlys truleg vil bøte på problema. Vidare må ein utbetre eventuelle skadar og skifte einskilde vindauge.

Samla kostnad for tiltaka er kalkulert til 4,8 million kroner, og ein rår til at dette vært løyvd frå inneverande års løyving til Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren.